

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. Juledag/Stefanusdagen – 26. desember 2020

Preiketekst: Matt 2, 16-23

Lesetekst I: Jer 31, 15-17

Lesetekst II: Apg 7, 52-60

## Både hallelujasong og ramaskrik

*Denne tekstkommentaren byggjer på eit anna sett av tekstar enn det som er sett opp som preiketekst (Matt 10,16-22) og lesetekstar (Sal 86, 11-17 og Apg 6,8-15) for andre juledag i år.*

### Om dagen

Andre juledag vert kalla Stefanus-dagen. Namnet har dagen fått etter Stefanus, som er omtalt i starten av Apostelgjerningane. Han var ein av dei sju som vart utvald til å tena ved borda (Apg 6,5). Han var full av nåde og kraft og fekk gjera store teikn og under mellom folket (Apg 6,8). Men dette vart ikkje tålt, og det enda med tragedie. Stefanus vart steina til døde. Eit glimt frå denne tragedien les me i ein av lesetekstane denne dagen.

Den eine leseteksten, frå profeten Jeremia, handlar om Rakel som gret over døde og bortførte då Nordriket fall år 722 før Kristus. Og over dei som skulle førast i eksil til Babylon ved Jerusalem sitt fall. Det er frå denne samanhengen at ordet «ramaskrik» er henta. I preiketeksten hjå Matteus er det eit direkte sitat frå Jeremia 31,15.

### På flukt

Desse glimta frå lesetekstane – og preiketeksten - gir oss mange og sterke assosiasjonar til situasjonen i verda i dag. Mange er på flukt, frå despotar og undertrykking, krig og redsler. Både kristne og folk med anna tru, lever i livsfare somme stader. Ikkje få må betala for si overttyding og tru med sitt liv, også i dag, i ei moderne og opplyst verd. Lite ser slik sett ut til å ha endra seg, enten ein går attende til Herodes og Arkelaus si tid, eller til den tida då Jeremia virka. Vondskapen er ikkje utrydda. Mange mødre – og fedre – gret sårt over tapet av barn – og søsken, foreldre, familiemedlemer. Me ser glimt av dette i avisene og fjernsyn dagleg.

Men då handlar vel evangelieteksten om noko godt, varmt og oppbyggeleg, når glimta frå lesetekstane er så dystre? Det er jo jul, og då skal det vera «mykje lys og mykje varme»!? Og det har me ekstra behov for i år, etter tre kvart år med pandemi og mange slags restriksjonar. Kanskje tenkjer me slik. I så fall må eg skuffa lesarane. I preiketeksten er det Jesus sjølv som er i fare. Herodes ville rydda han or vegen, fordi han frykta at Jesus kunne koma til å bli ein

rival til sine egne og slekta sine maktambisjonar. Det var ikkje av godhug og fordi han ville hylla barnet, at han sa til dei vise menn at han også ville vitja barnet (Matt 2,8). Han ville vita kvar han fann det, slik at han kunne gjera ende på gutten så fort som råd!

Det er det dystre utgangspunktet for avsnittet vårt i dag, andre juledag. Men så er det godt å lesa at Gud sjølv i himmelen sørger for sin son, slik han har gjort – og gjer – for sine barn til alle tider. Heller ikkje Moses vart rydda or vegen i den tida han var i Egypt. Tvert om, han fekk god opplæring der som han skulle bruka då han seinare skulle gå inn i den store oppgåva å føra det utvalde folket ut frå fangenskapet og inn i fridom i det lova landet. Og den vesle Jesus-gutten vart berga, fordi Josef også i denne situasjonen handla på Guds befaling. Slik sett framstår Josef som eit lysande ideal for oss, i den eine vanskelege avgjerda etter den andre.

### **Nasaret, Betlehem, Jerusalem, Egypt**

Av og til, i alle fall hvis det kjem ein søndag i romjula, kan det vera litt utfordrande rekkefølge i preiketekstar. I Matt 2,16-23 fortel Matteus om Herodes sitt raseri, og korleis det bar til at Jesus og foreldra kom tilbake frå Egypt og heim att til Nasaret etter ei tid. I Matt 2,13-15 fortel Matteus korleis og kvifor vår vesle julefamilie flyktar til Egypt. Hvis då 2,16-23 vert sett opp som preiketekst før 2, 13-15, kan ein oppleva det som noko ulogisk.

Men det får vera som det er. I det heile tatt er det krevande å «harmonisera» når og kvar alt skjedde då Jesus var eit lite barn. Ut frå Matteus kan det nesten sjå ut som om Jesu foreldre ikkje har budd i Nasaret før. Men hjå Lukas er det meir enn tydeleg. Maria og Josef braut opp frå Nasaret då innkalling til folketelling kom. Dei la i veg til Betlehem, fordi Josef var av David si ætt, dermed skulle han skriva seg og sin familie inn i David sin by, Betlehem. Då Jesus var gammal nok, la dei i veg til Jerusalem, til tempelet (Luk 2,22). Og så vender dei heim att til Nasaret (Luk 2,39). Men i Matt 2,13 vert det sagt tydeleg at denne vesle «julefamilien» er i Betlehem når Herrens engel talar til dei og seier at dei skal fara i veg til Egypt. Atter ser me at Josef handlar på Guds ord, og legg i veg. Ja, endåtil same natta, presiserer Matteus (2,14).

Så har det vore drøfta mange gonger både korleis dette heng saman, og kor lenge denne familien var i Egypt, før dei vende heim att til Nasaret. Kanskje var dei fleire år i Egypt? I alle fall var dei døde dei som stod Jesus etter livet (Matt 2,20) då dei returnerte.

Kanskje heng det slik saman: Etter at familien var komen heim att til Nasaret, etter fødsel og besøk i tempelet, gjekk det kort tid før dei snudde sørover att og reiste tilbake til Betlehem, truleg fordi far Josef meinte at gutten skulle og måtte veksa opp i Davidbyen Betlehem. Og så - medan dei bur i Betlehem - kjem dei vise menn. Dei visste ikkje så mykje om kor gammal gutten var som dei leita etter. Dei fann han hjå mor si, står det. Men at gutten låg i ei krybbe, då vismennene kom, det står det ikkje noko om. Jesus var kanskje/truleg ikkje heilt nyfødd lenger. Og det er også presisert i teksten vår at Herodes drap alle guttane under to år – både for å vera sikker, og fordi heller ikkje han visste kor stor denne gutten var. Men før Herodes sin drapsorgie finn stad, sørger Herren for at familien reiser i eksil til Egypt.

### **Profetiane vert oppfylte**

Verd å merka seg er også at Matteus presiserer at Jesus skulle ha bakgrunn både frå Nasaret og frå Egypt, forutan at han skulle fødst i Betlehem, Davidsbyen. Matt 2,23 understreker dette med Nasaret. Og i 2,15 er det presisert at Gud kallar sin son nettopp frå Egypt. Det er

viktig for Matteus – og for oss som les – å få med seg at Jesus er oppfylning av det som er profetert om han i Det gamle testamente! Her skjer ingenting tilfeldig! Han er av jødisk ætt, vart fødd som og levde som jøde heile sitt liv, og er frelsarmann og Messias før jøde først og så for grekar. Matteus – og dei andre evangelistane – skriv dette mange stader, og presiserer at så og så skjedde for at det skulle oppfyllast som står skrive! Oppfyllings-sitat, vert dei stundom kalla, når evangelistane dreg fram sitat frå Det gamle testamente i samband med hendingar dei sjølve fortel om.

Somme har tenkt at Gud kunne ha hindra heile barnemordet i Betlehem; og ikkje berre sørga for å berga Jesus og foreldra hans. Det kunne han heilt sikkert. Og det er sårt å bera med seg tanken om at mange familiar måtte lida utan skuld på grunn av Jesus. Dette ligg på eit djupt plan. Me får ingen grunngjeving for kvifor Gud handla som han gjorde. Me ser det i dag også. Gud ser ut til nesten å vera grenselaus i kva han tillet av djevleskap og hat. Og me tenkjer og ber: Gud, Herre, stopp all denne vondskapen. Forbarm deg over oss. Kyrie eleison!

### **Halleluja og ramaskrik**

Spennande også å registrera kva Matteus fortel om Josef, Maria og Jesus når dei får varsel om oppbrot frå Egypt (Matt 2, 19 ff). Dei skal dra til Israelslandet. Dette er eit sjeldent uttrykk, som i Det nye testamente berre blir brukt dei to gongene det er nytta her. Uttrykket er omfattande, det dekkja heile Israels land. Kanskje Josef tenkte at han no fekk grønt ljøs for å dra tilbake til Betlehem, sidan Herodes nå var død? Men så hadde altså Arkelaus kome til makta, og han var ikkje så mykje betre enn Herodes. Han innleia si regjeringstid med å la drepa tre tusen av dei mest innflyttingsrike mennene i landet. Herren ser at Josef er forvirra, og gir han ei ny openbering: Dra til Galilea, busett deg i Nasaret. Og slik vart det.

Jaudå, jula er ei festtid og høgtid. Mykje å gleda seg over, i familieane våre, kyrkjelyd og forsamling, land og folk – lockdown eller ikkje. Men også mykje å undra seg over – både i det bibeltekstane fortel oss, og korleis Gud handlar i verda i dag. På same måte som heile livet vårt er prega av både ljose og mørke fargar, av både synd og nåde, så rommar høgtida både hallelujasongen og ramaskriket! Stefanusdagen minner oss sterkt om det!

Velsigna høgtid!

### **Paul Odland**

Pensjonert misjonsrådgjevar i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

[paul.odland@lyse.net](mailto:paul.odland@lyse.net)